

NR. 9

DESEMBER 1986

19. ÅRG.



GOD JUL

I TRU BAR DEI FRAM GÅVENE

Matt. 2.1-12.

Det var ein underleg situasjon visemennene kom oppi. Dei hadde sett stjerna i Austerland om at eit kongebarn var fødd i Jødeland. Dette kongebarnet ville dei hylla og gi gåver til. Difor drog dei ut på den lange ferda med eit mål i sikte: Jerusalem og kongeslottet. Stjerna freista nok å syna dei vegen vidare då dei drog inn i Jerusalem. Men kvifor skulle dei bry seg om stjerna når målet var så soleklart og sikkert?




Så får dei dette forvirrende møtet, først med folka på slottet, og seinare med kong Herodes sjølv. Ingen visste om barnet! Men dei vise menn var så sikre i si sak, og trudde så fullt og fast på dei teikn dei hadde sett, at det skapte stor uro både hjå Herodes og i heile Jerusalem (v.3).

Vi kjenner saga vidare om desse tre visemennene som drog til Betlehem. Om stjerna som synte vegen, og det står i v. 10 at dei vart glade då dei fekk auga på stjerna att. Stjerna tok bort det som Kanskje hadde lurt seg inn i hjarto deira av uvisse og tvil. Stjerna gav dei mot til å fortsetja, sjølv om mange av oss som lever i dag, truleg hadde teke gåvene med oss og drege heim att på dette tidspunktet.

Då stjerna stoppa over stallen, måtte dei vel skjønna at her måtte vera ein feil ein stad? Korleis kunne dei tru at eit kongebarn kunne fødest her? Men, vi les at dei går inn i stallen med glede, og I TRU. I fjøslukta og på det sikkert ikkje heilt reine golvet, kneler tre store menn, I TRU. Dei dyre gåvene ber dei fram som om det skulle vore i eit rom på slottet. — I TRU. Ei grenselaus tru — som går på tvers av ytre tilhøve og det som ikkje stemmer med det som dei tidlegare hadde planlagt.

Eig vi ei slik tru i dag? Ei tru som held gjennom motgang og vanskar, — som held når livet går på tvers at det vi tidlegare hadde planlagt så vel? Tru er full visse om ting som ein vonar og overtiding om ting som ein ikkje ser. Berre Gud kan gi oss denne trua, — det er Hans gåve til oss.


L.U.



Julekonsertar

Arna kyrkje:

- 7.12. Musikklaget Janus, Trekkspelgruppe frå Arna, og Sæbjørg Hageberg orgel.
- 14.12. Arna kyrkjekor, Haukeland songlag. Saman skal desse kora framføra m.a. Ivar Wideens juleoratorium for kor, soli, orgel og strykeorkester.
- 21.12. Vi syng jula inn. Arnavågen musikklag, Arna kyrkjes aspirant- og barnekor og Arna kyrkjekor.
- 21.12. Ytre Arna kyrkje: kl. 19.00. Arne musikkforening, Gulfjellet trekkspillklubb, Ytre Arna barne- og ungdomskor og Ytre Arna kyrkjekor.



Julefestar

TUNES BEDEHUS

- 21.12: Familiefest kl. 16.00.
Tale v/Lars Harberg

ARNA BEDEHUS

- 27.12: Julefest kl. 17.00 v/Indre Arna
Barnerøster og Søndagsskulen
Andakt v/Marit Hauge.
- 03.01: Julefest kl. 18.00
v/Indremisjonen.
Tale v/Gottfred Eriksen.

BETANIA, LONE

- 27.12: Søndagsskulefest kl. 16.00.
Tale v/Øyvind Øy.
- 28.12: Julefest kl. 19.30 v/Betania
Ungd.
for. og Y-ungdom.
Tale v/Ole Abel Sveen.
- 11.01: Borgafest kl. 16.00.
Fam Harfell vert med.

UNNELAND BEDEHUS

- 27.12: Julefest kl. 19.30.
Tale v/Harald Myklebust.
- 04.01: Søndagsskulefest.
Tale v/Åse Melland.

YTRE ARNA


- 29.12: Barnefest kl. 17.00.
Tale v/Marit Ulvøy. Bedehuset
- 02.01: Julefest v/Indremisjonen.
Tale v/Øyvind Øy. Bedehuset
- 11.01: Julefest for eldre kl. 16.00
Sentrum

HAUGLAND BEDEHUS

- 27.12: Julefest v/Indremisjonen
kl. 18.00.
Tale v/Audun Myksvoll.
- 28.12: Barnefest kl. 15.00




Barneside



"Nå tenner vi det første lys, alene må det stå. Vi venter på det lille barn som i en krybbe lå." Tiden nå frem til jul kaller vi ADVENT, som betyr: HERRENS KOMME. Johannes skriver om lyset som kom til verden, og med lyset mener han Jesus.

Lyset er et fint bilde på Jesus. Bibelen sier at lyset er godt. Vi vet at lyset tar bort mørket, og ved hjelp av lyset kan vi se tingene omkring oss som de virkelige er. Lyset viser oss sannheten om det vi ser. Jesus er sannhet. Jesus kan vise oss hva som er rett og hva som er galt.

Vi må hver dag la Jesus få komme til oss, og det vil advent-tiden hjelpe oss med å huske på.




VANNRETT LØDRETT

1. Evangelist.
7. Bilmerke
8. Ikke der men...
10. Barn av sou.
12. Lengdemål.
13. Gammel skrivergåte for GA.
14. Står etter hverandre.
15. Hår (engelsk)
16. Stygt vær.
- 18.
1. Kvinneravn.
2. Kaller vi haren.
3. Når vi slår oss sier vi --.
4. Bruk disse: DLN.
5. Stor foss.
6. Landet der Jakobs brønn var.
9. Guttenavn. bakv.
11. Vår måned.
- 17.




Mange soldater blir 15 ioddrett.



NOE Å LURE PÅ

REBUS



Den første julesongen for born?

AV: Bjarne Stoveland



(KPK) Det var ingen julesongar for barn då Luther levde. Dette måtte det gjerast noko med, meinte han. Som sagt så gjort. Før jul i 1534 sette Martin Luther seg derfor ned og skreiv «ein barnesalme til Kristi jul 1535», som han kalla den. 15 vers blei det og i 1855 omsette M.B. Landstad den til norsk. Salmen som på norsk heiter «Fra himlen høyt jeg kommer her», har 11 vers i den nye salmeboka. (nr. 36).

I kyrkjene blei juleevangeliet dramatisert. I koret stod ei krybbe med Josef og Maria, Jesusbarnet, okse og esel. Til og med foret til dyra låg i julekrybba. Rundt dette gjekk barna og song denne salma av hjartans lyst.

Slik gjekk dei rundt julekrybba også heime hjå Luther og i mange andre heimar på den tida. Joletreet var enno ikkje tat i bruk. Luther sin nye salme blei framført som ein vekselong. Ein mann utkledd som ein engel, song dei fem første versa, og i det sjette verset oppmoda han barna til å bli med til Betlehem. Det gjorde dei ved å synga resten av salmen.

I dag blir denne salmen også nytta som vekselong. «Engelen» som synger føre, syng dei fem første versa. Deretter tek kyrkjelyden over.

Evangeliet trenger ingen reformer

(KPK) –Det er jo bare en ny oversettelse det dreiar seg om, ikke en fornyelse av selve evangeliet, heldigvis.

Det trenger ingen reformer! Men en ny språkdrakt, det er jo nødvendig, og man blir vel glad i den også, selv om det tar tid. Fremdeles har jeg vanskelig for å få for-døy «sau» i stedet for «får». Men det er jo fordi jeg er gammel og synes at det gamle var bedre enn det nye!

(Hans Majestet Kong Olav om den nye bibeloversettelsen i boken «Kongen på Kirkevei»)

Julekort er lagskort

Å sende julekort er en god tradisjon her i Norge. En liten hilsen til slekt og venner er noe som hører julen til. Mange ønsker å senda sine julehilsener på kort som minner om julens egentlige innhold.

Norges Kristelige Student – og Skoleungdomslag (NKSS) har i mange år gitt ut julekort – Lagskort med kristne motiv og tekster. Dette fortsetter vi med også i år og vi har 15 ulike motiver som spenner fra vakre naturfoto til glassmaleri og applikasjon.

Lagskort selges til inntekt for NKSS sitt arbeid blant studenter og skoleungdommer over hele Norge. Brosjyrer og kort fåes ved henvendelse til det lokale skolelaget eller direkte til: Lagskort, Magnus Blindes vei 8, 7000 Trondheim.

BREV FRÅ BANGLADESH

Nå er me komne så langt at alle borna våre er byrja på skulen, Jostein i 4. kl Kjetil i 3. kl. og Marit Kristine i 1. kl. På skulen her er det 9 elevar i år, og me er glade for at me får ha borna våre heime hjå oss også dette året.

I tillegg til våre egne born, har me ein annan 4. klassing buande her hjå oss i veka.

I skrivande stund 23. september sit me med parafinlampar og tørkar sveitten. Straumen er mykje borte, så når temperaturen kryp for høgt og luftfuktigheita blir for stor, og me ikkje kan ha på vifte p.g.a. straummangel, ja då blir ein til tider temmeleg irritabel og lite tilsnakkandes. Godt gjer det då med ei regnskur, som gjer eit lite forbigåande temperaturfall. No ser me verkeleg fram til vinteren med meir «leveleg» temperetur.

Men Bangladesh er meir enn regntid, varme, fuktighet og manglande straum. Her er 100 mill. menneskjer, og dei fleste er ukjende med evangeliet. 5 mill. bur her i Sylhet der vår misjon har arbeid. Oppfordringa står ved lag: «Såleis skal ljuset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen.» (Matt 5.16)

Vår bøn er at vår himmelske Far må bli æra gjennom det vi gjer. Før me drog på ferie la me nokre bønemne for nokre menigheter på dykk. Vel heimkomne var me spendte på å sjå kva som hadde skjedd. «Resulteter» var vel neppe noko å skriva heim om. Til Eskarabad hadde ikkje nokon reist p.g.a. regn og dårlege vegar. I Gazipur hadde menigheten delt seg, og der var det berre rot. I den lokale menighet i Brahmanbazar sto det heller ikkje så bra til, med sterke motsetningar mellom forskjellige personar.

Ordet fra Hebr. 10,36 står for oss: —de treng til tolmod—, i sanning eit ord som gong på gong vert erfart.

Men heilt utan lyspunkt er det ikkje, tvert imot. Nå har me fått evangeliet til leserommet, noko som me har venta på og bedt om lenge. Daniel heiter han. La oss omslutta han med forbøn.

Den mest gledelige hendinge me har hatt etter ferien er vel det Dillip, evangelisten, kom og beretta. Det viste seg at han hadde starta dåpsopplæring i Merina Thage. Dei som skulle døypast hadde tidlegare vore pasientar fått hjelp på klinikken i Brahmanbazar. Nå ville dei bli kristne og 31 august vart dei døypte saman med ein annan familie. Etter 2 dagar vart den eine familien ramma av sjukdom, og 2 veker seinare kom dei til klinikken heilt skrekkslagne og forkomne med malaria og høg feber. Dei fekk vera på klinikken ei stund, og etter nokre dagers behandling kunne dei reisa heim igjen. Be for dei at dei må bli bevarte og vera vitne om Jesus. Satan vil nok prøva å lokka dei tilbake, men Jesus er sterkast!

Tilslutt ei anna glede. Førre veke var det Retreat her i Brahmanbazar for arbeidarar i misjonen, evngelistar og prestar. Nokon av dei har opplevd fornying i det siste og vitnar frimodig om det for dei andre. Måtte det «smitta» slik at fornyelsen kjem både til prestar, kyrkjeleiarar, evangelistar og misjonærar.

Det er planlagt eit større fornyingsmøte i kyrkja her 7.-9. nov. Det kjem talarar frå India. Vi har forventningar til Gud. Vi ber om vekking og fornying.

La oss minna kvarandre om Efeserne 2.10. — Vi er skapte til gjernin-

Framhald s. 7


Vellukka Julemesse for Kyrkjelyds- huset i Arna.

Laurdag 29. november var det stor julemesse i Arna bedehus. Det var økonominemnda for kyrkjelyds-
huset med Erling Osland som formann som ynskte velkomen, og folk kom utover heile dagen. Mange fine ting vart selde og loddar ut, og resultatet vart på heile 42.000 kr. Mykje av dette kom sjølv sagt inn gjennom lodd som var selde på førehand, men dei var godt nøgde med frammetet på messa også.

Der var ikkje berre loddsal, men fleire programinnslag utover dagen. Åslog Mjøs heldt andakt og barnekoret og aspirantkoret var med og song. Det såg ut til at folk lika seg godt, og slo av ein prat med ein kaffikopp.

Om ein tenkjer vidare må det nok ein del slike messer til både før og etter Kyrkjelyds-
huset er ferdig. Det er eit stort løfte kyrkjelyden må ta, og folket i Arna vert nok utfordra meir enn ein gong til å vera med på dette i åra som kjem. Men det viser seg at det let seg realisera andre stader, så kvifor skulle ikkje vi og makta det?

kanskje nokon synest at dei har høyrte lite om dette huset i det siste? Det vil ikkje seia at arbeidet står stille. Teikningar er til endeleg godkjenning i kommunen, og både byggenemnd og økonominemnd arbeidar med godt mot. Økonomi-



Dyraste laksen i Arna? Alle som kom til julemessa hadde høve til å gissa kor tung denne laksne var. Før det måtte ein betala kr. 10,- og utan å halda han, skulle ein seia ei vekt. Den som ved slutten av messa hadde gissa rettast, fekk laksen. På dette kom det inn ca. 1000,- og det var stor variasjon i tipsa.

nemnda ynskjer vel at dei hadde noko meir kapital å starta med, men ein byggjstart neste år skulle vera realistisk å rekna med. Og då får ein og vona at dei midlar som må til, også kjem inn.

Brev frå Bangladesh. Framhald frå s. 6

ger som Gud har lagt ferdige for oss —. La oss gå vidare med frimod, om tenesta vår er i Noreg eller eit anna land. «Kast ikkje bort frimodet dykkar. Det gjev stor løn» Hebr. 10.35
Takk for at de står med oss i arbeidet.
Takk til alle dere som har skreve til oss. Vi maktar ikkje å svara personleg til alle, men dere skal vite at brev blir satt pris på.

Med helsing til dykk alle frå Jostein, Kjetil, Marit Kristine, Kristen og Ottar Hope.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døypte

- Arna sokn:**
 26.10: Thomas Garnes, Christopher Jarl Bottolfsen, Merete Samuelsen, May Linn Espeseth, Loraine Fjæreide Bratten, Stig Otto Berntsen.
 02.11: Trond Frode Borge. Døypd i Ytre Arna.
 09.11: Stig Andre Håheim

Ytre Arna Sokn:

- 02.11: Alesander Ynnesdal Thunestvedt.



Døde

- Arna sokn:**
 20.10: Georg Endresen f. 1897.
 21.10: Alfred Kvam f. 1928
 24.10: Øystein Brekke f. 1953
 25.10: Olivia Borge f. 1907
 01.11: Johannes Martin Tande f. 1902
 05.11: Arnlaug Fjelltveit f. 1935,
 05.11: Solveig Sundland f. 1907.
 05.11: Esther Guldbeg f. 1900

Ytre Arna sokn:


- 19.10: Einar Seievåg, f. 1921, gravlagt frå Arna kyrkje

Ofringar i kyrkjelydane

- Arna sokn:**
 26.10: Kristenfolkets edruskapsråd kr. 1935,-
 02.11: Noregs kristelige student og skoleungdomslag kr. 2548,-
 09.11: Bibelselskapet kr. 3787,-
 16.11: Bjørgvin Bispedømmeråds fam.råd.g.kont. kr. 1274,-

Ytre Arna sokn:

- 26.10: Diakoniutvalet kr. 770,-
 02.11: Ytre Arna barne og ungdomskor kr. 1210,-
 12.11: Norea Radio 1061,-



FAT MED MOTIV AV ARNA KYRKJE

Dette fine fatet kan ein få kjøpa på Kyrkjekontoret i Borgstova. Det kostar kr. 100,- og vi har framleis ein del fat att. Overskotet av salet går til Kyrkjelydshuset.

Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

ARNA:

Arna sokneråd Bank: 8440.31.05006
 Boks 11 Post: 5779798
 5260 Indre Arna

Kyrkjelydshus i Arna Bank: 8440.21.04243
 Vollavegen 45B Post: 3498995

YTRE ARNA:

Ytre Arna sokneråd Bank: 3633.30.02625
 P. Jebsensv. 39 Post: 5935499
 5265 Ytre Arna

Kyrkjelydshuset Bank: 3633.50.75093
 P. Jebsensv. 39 Post: 5260 Indre Arna
 5265 Ytre Arna

Om nokon vil gje ei gáve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

Presten har ordet



Aldri på ein søndag

Under dette mottoet gjekk Kvinnefronten saman med grupper innan LO og biskop Aarflot nyleg til åtak på søndagshandel i butikkane no føre jul. Dette må jo kunna seiast å vera ein noko uvanleg konstellasjon, men det viser tydeleg at ein frå heilt ulik bakgrunn kan engasjera seg for å verna om søndagen som fridag. Det er ikkje berre fordi ein har eit bod som seier at ein skal halda kviledagen heilag, men og fordi den dagen skulle vera ein fridag som gjev kvile og kveik med tanke på dei andre dagane. Eg trur og at bodet ikkje er der for å ta noko frå oss, men for å hjelpa oss til å ta vare på viktige verdiar for oss sjølve og andre.

I vårt moderne samfunn har vi vel også mist mykje av tankane om kva det vil seia å ha helg. Dei som er eldre i dag, huskar vel godt korleis den eine dagen i veka var heilt annaleis enn dei andre. Livsrytmen vart ein annan, og både med klede og mat viste ein at det ikkje var kvardag. Vel var det vel slik at det kunne vera eit for strengt regelverk om kva ein kunne gjera og kva ein ikkje kunne gjera, men i omgrepet helg låg det mange positive verdiar me har tapt i dag. Eg trur ikkje dei hadde det mindre travelt den gongen heller. Livsrytmen var kan hende ikkje så hektisk, men arbeidet og slitet var større.


Det å ha ein annaleis dag sette dei høgt. Og eg trur og det var med på å gje kvile og styrke. Når Luther forklarar det 3. bodet, så nemner han ikkje opp alt ein ikkje skal gjera søndagen, men han nemner det ein skal gjera: ta tid til samling om Guds ord. Med det

viser han til at både kropp og sjel treng fornying og kveik.

Nå går det også mot høgtid: Jula. Til det er det knytta mange tradisjonar. Vaksne vert som born att, eller i det minste vil dei gjerne ha med det dei opplevde som born. Jula har teke vare på mykje fint rundt om i heima- ne. Eg trur og at ei slik høgtid er med på å tilføra verdiar til kvardagen. Utan kvardag vert det ikkje høgtid, og utan høgtid vert kvardagen fattigare.

Juletradisjonar hadde ofte si mening. Strevet med vask og bakst, var ikkje utan mål. Om det kosta mykje slit, skapte det høgtid i tider då det var lite anna å få.

No meiner eg ikkje at vi må tilbake dit. Nye tider kan finna nye måtar å gjera det på. Slik at vi vernar om helg og høgtid for vår eigen del. Kanskje kan vi finna tilbake til det gode som var, og føra det vidare på andre måtar? Mange gonger var det det helga og høgtida gav menneske, som var med på å halda dei oppe i kvardagen. Det gav dei noko å leva på - og døy på. Jula har alltid stått sentralt der. «...fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad », lydde det julenatta i Betlehem. Eg trur vi alle kan ha noko å finna i desse orda som no gjen- nom denne høgtida skulle verta nye for oss. Gud Jul.



No kjem salmeboka i hendig format

I snart eit år har Norsk Salmebok vore brukt i kyrkjelydane, og ho har utan tvil gjeve fornying til salmesongen i kyrkja.

Salmeboka er ei fin bok, men mange har sett fram mot den dagen då dei kunne få ei salmebok i mindre format. No kjem den dagen snart.

— I november får vi tre ulike utgåver i mindre format, seier produksjonssjef Klaus Erik Krogh i Verbum Forlag.

Alle dei tre bøkene kjem i storleiken 9,5 x 14,5 cm og får god plass i ei lomme eller veske når ein er på kyrkjeveg. Dei nye

bøkene har det same oppsettet som i den store standardutgåva.

Skoleutgåva får eit solid mjukbind med fargefoto på framsida. Prisen er 70 kroner.

Semiluxutgåva får stive permar i kunstskinn, som i standardutgåva, og vert ei vakker bok til ein rimeleg pris: 150 kroner.

Luxusutgåva har skinnbind og gullsnitt og vert ei fin gåvebok, t.d. til konfirmantar. Prisen er 290 kroner.

NORSK
SALME
BOK

MØTE

Betania, Lone

- 07.12: Møte v/BUF
- 11.12: Møte v/Indremisjonen
- 18.12: Nattverdmøte
- 21.12: Møte v/NLM
- 01.01: Møte v/Indremisjonen
- 04.01: Møte v/Indremisjonen
- 08.01: Møte v/NLM
- 13-18.1: Møter
v/Finnmarksmisjonen

Arna bedehus

- 04.12: Medlemsmøte i
Indremisjonen kl. 19.00
- 07.12: Adventsamling v/Garnes og
Indre Arna Barnerøster kl.
16.30. Kaffi, brus og heime-
bakt. Program for store og
små.

- 11.12: Nattverdmøte kl. 19.30.
- 17.12: Konfirmantsamvær kl. 17.30
- 9-11/1: Nyårsmøte for
Nordhordland Indremisjon
- 18.01: Misjonsfest
- Tunes bedehus**
- 07.12: Adventsmøte
- 11.12: Møte kl. 19.00

Fryseboks

Ytre Aran sokneråd treng ein fryseboks til Kyrkjelydshuset. Har nokon ein rimeleg brukt fryseboks til sals, er vi interessert i å høyra frå dykk. Ein kan då kontakta Kyrkjelydskontoret tlf. 24 85 46 eller nokon i soknerådet. Storleiken på boksen har ikkje så mykje å seia. Adressa til kontoret er: Postboks 111, 5265 YtreArna.

Det er lov å glemme

(KPK) Det finnes vel ikke noen bedre tid å tale om Jesu tilgivelse på enn ved årsskiftet. Mer enn noen annen tid er dette en tid vi ser tilbake. Kanskje med glede, kanskje med sorg. Det var så mye vi skulle gjort annerledes, så mye vi ikke skulle ha gjort, så mye vi ikke rakk...

Men uansett våre følelser og tanker. Året er omme og det som ligger bak, kan vi glemme. Det har vi Bibelens ord på. Om det er aldri så vondt og vanskelig, gir Guds ord oss rett til å glemme. Vi blir faktisk pålagt å glemme. Den danske presten Georg S. Geil skriver i en av sine andaktsbøker: —Det er mange måter å spotte Gud på. En av de mest raffinerte er denne: Å la seg knuge av minnet om synder som for lengst er bekjent for domsregister.

1. Johannes 1. 9 seier det klart og tydelig: «Men dersom vi bekjenner våre synder, er han trofast og rettferdig, så han tilgir oss syndene og renser oss for all urett.» Det skulle ikke være tvil: Bekjent synd er tilgitt synd!


Mange mennesker strever med å tilgi seg selv, og kanskje du nettopp ved dette årskiftet tenker med gru på en bestemt ting du ikkje skulle ha gjort, eller noe du burde gjort. Men har du bekjent det for Jesus, er det tilgitt og glemt. Kanskje det kan hjelpe deg også til å glemme?

Ny kateket

Erik Rodal er tilsett som kateket i Arna prestegjeld. Han har vore kateket i Nord-Noreg i nokre år, og vil truleg vera på plass i Arna alt før jul. Vi ynskjer han velkomen og kyrkjelydsbladet kjem sjølv sagt med ein presentasjon av han seinare.

Den norske israelsmisjon driver aldershjem i Israel

«For meg er dette huset himmelen på jord»



Slik uttaler en jødinne seg når hun skal beskrive sitt hjem: Aldershjemmet Ebenezer i Haifa.

Det er i år 10 år sidan Ebenezer-hjemmet ble reist i Haifa. Det var det norske kristenfolk som den gang i hovedsak gjorde det mulig for den Norske Israelmisjonen å bygge dette praktiske og varme hjemmet for eldre Jesus-troende jøder. Det er Israelmisjonen som i dag eier og driver hjemmet, selv om styret er internasjonalt sammensatt. Driften blir holdt opp ved frivillige gaver både fra Norge og andre land.

I dag er Ebenezer-hjemmet en vital og livsfrisk 10-åring, selv om gjennomsnittsalderen på pensjonærene er omtrent 80 år. 28 pensjonærer bor i dag på hjemmet. De fleste er messianske jøder — jøder som tror på Jesus. Mange har sin bakgrunn fra Øst og Mellom Europa, og bærer derfor preg av å ha gjennomgått mye lidelse i livet. Noen arabiske kristne har også funnet seg et hjem på Ebenezer. Et internasjonalt team av frivillige og lønnete medarbeidere sørger for de eldre. I disse dager går Israelmisjonen ut med en oppfordring til venner av Israel, og ber om en stor jubileumsgave til Ebenezer-hjemmet. Vi ønsker at denne utfordringen skal nå ut til kristenfolket på Vestlandet, og vi er takknemlig til alle som vil være med i denne tjenesten for Israel.

Hilsen
Ola Melhus
Kretssekretær

KKL, hørt eller sett det før? I så fall går vel assosiasjonene i retning media, og ganske riktig: Kristelig Kringkastingslag driver aktiv mediearbeid på mange felt.

Da KKL ble dannet i 1935, dengang under navnet: Norges Kristelige Lytterforening, var hovedoppgaven å arbeide for flere kristelige programmer i NRK radio. Tanken bak kommer tydelig til uttrykk i tittelen på medlemsbladet: «Vern ditt hjem».

Med nærradioer, TV2 på trappene og satelitter hengende over oss, er dagens mediesituasjon adskillig mer uoversiktlig og avansert enn 30-årenes. Mediene, spesielt fjernsynet som er det sterkeste av dem alle, preger både livsrytmen og holdningene våre. Derfor er 30-årenes motto viktigere enn noen gang nå i 80-årene, og KKL arbeidert for at kristne livsverdier skal bli tatt hensyn til.

Som opinionsorgan retter KKL seg først og fremst mot NRK. Alle programmer fra P1, P2 og fjernsynet tas opp og en del programmer eller serier gis grundig vurdering. Både positiv og negativ kritikk gis til NRK, som regel via åpne brev til Kringkastingsjefen som blir gjort kjent gjennom alle landets aviser.

28 kristelige organisasjoner står bak KKL og i tillegg har KKL 48.000 personlige medlemmer. Mange av disse kommer med programreaksjoner som blir behandlet. Det har vist seg at det nytter å reagere. Kristne som engasjerer seg i mediearbeidet kan ha stor innflytelse. Tenk ikke bare på det negative, det har ofte vel så stor effekt med positive reaksjoner overfor NRK. 7 henvendelser har gitt reprise av program!

For å stimulere til positiv mediadeltakelse støtter og arrangerer KKL kurs og studieopplegg. I KKL-studio drives kurs både for programskapere og studieteknikere. KKL har sitt eget selskap. KKL-media, som selger teknisk utstyr for bl.a. nærradiovirksomhet.

KKL har et velutbygd mediebibliotek, utklipparkiv og videotek. Dette er åpent for alle, og blir i hovedsak benyttet av studenter og pressefolk.

KKL's økonomi er i hovedsak basert på medlemskontingent, gaver og offer. Medlemsbladet «På Bølgelengde» sendes ut regelmessig og gratis til alle medlemmer. KKL utgir også nyhetsbrevet «KKL-informasjon» som sendes til personer som er engasjert i mediearbeid.

2 ganger i året deler KKL ut stipendier til kristne som ønsker å utdanne seg innen de elektroniske massemediene. Dette er en av de viktigste veiene å gå for å gi mediebildet Kristne impulser og for å drive misjon.

Ca. 2 mill kroner er hittil delt ut til ca. 300 personer. Disse personer finnes i dag i NRK, nærradio, mediebedrifter, undervisning og misjonstjeneste ute og hjemme.

Stipendiefondet tar først og fremst sikte på slike som har fullført sin grunnutdannelse og ønsker en medieutdannelse som Staten Lånakasse ikke gir støtte til. I KKL's studiekatalog finnes oversikt over aktuelle studiesteder.

KKL arbeider for at folk skal bli mer bevisst på hva de tar til seg gjennom media. Alt er ikke like bra! «Media Med Mening» er et studieopplegg utarbeidd av KKL nettopp for å belyse hvordan vi best kan forholde oss til medietilbudet og den påvirkning vi er utsatt for. Studieopplegget egner seg bl.a. til bibelgrupper, konfirmantundervisning og selvstudium.

Misjonens år i Bjørgvin — punktum og kolon.

Det var på bispedømemøte på Stord i mai 1984 at startskotet gjekk for Misjonen År i Bjørgvin. Gjennom eit års tid — eller litt meir! — har svært mange av kyrkjelydane i bispedømet teke eit tak «ekstra» for å markere misjonsansvaret. Misjonen År er gjennomført i samarbeid mellom biskop/bispedømeråd og Den Norske Israelmisjon. Det Norske Misjonsselskap og Den Norske Santalmisjon.

Samtalegrupper med misjonsemne, materiellutstilling, utdeling av misjonsblad på offentlege kontor, innøving av misjonssongar i korsamheng, gospelnight, «Konfirmantenes lysaksjon», «Ungdomens Misjonsaksjon» m.a. med evangeliseringskurs og praktiske tenesteoppgåver, folkefest med servering av dravle og kr. 27.000 til misjonen — dette er ei stikkordliste over ein del Misjonens År-tiltak. I tillegg til skule/kyrkjesamarbeid, gudstener og møte — og foreningsarbeid som er godt innarbeidd frå før svært mange stader. Misjonsforeningane vart seg gjerne meir medvitne at dei er ein viktig del av kyrkjelyden sitt arbeid?

Til eit eige misjonsprosjekt under Misjonens År vart det samla inn i alt rundt kr. 360.000. Pengane går til:

- oppstarting av nytt arbeid i Nordaust-Thailand (Misjonsselskapet)
- radiomisjonsarbeid i India (Santalmisjonen)
- arbeid blant jødar i New York (Israelmisjonen)

Hadde så Misjonens År sin «misjon»? Det er i alle fall vårt inntrykk at Misjonens År var ein «vimpel» som vart lagd merke til — og som hjå mange utløyste initiativ og innsats. Elles må seiast at svaret enno høyrer framtida til. Var det berre eit «blaff» — eller skal misjonsarbeidet takast vare på og utviklast vidare i kyrkjelydane våre? Vi vonar og trur det siste. Misjonsorganisasjonane — både desse tre og fleire til — står til tene-ste, no som før.

Misjonens År i Bjørgvin — punktum er sett. Eller rettare sagt: Eit kolon! I ei sann kristen kyrkje må misjon alltid stå høgt på «dagsorden». Jfr. Meisterens Ord.

Spennande er det og, forresten. Var det nokon som snakka om «globalt perspektiv....»?

Med helsing og takk frå ei gruppe som no har oppløyst seg sjølv - i tillegg til at «snøballen rullar vidare».

Det er utarbeidd eit oversyn over kor mykje kvart prestegjeld gav til dei ulike prosjekta. Frå Arna kom det inn vel 12.000 frå dei 2 kyrkjelydane, og samanlikna med dei andre kyrkjelydane i Bergen, var det ein solid førsteplass.

**Vi ynskjer alle lesarane
ei god julehelg og eit godt nytt år!**
Redaksjonsnemnda

Til en tekstilforretning

«Det blir en gøy jul i år!»
— bare du handler i butikken vår —
Hva julen ellers måtte gi
har ikke noe å si....
Bare du kjøper og har kjøpeglede
da er julen tilstede!

Det kom et barn til oss her
Han hadde ikke fine klær
Han sa: Elsk Gud og din neste:
Det er det beste!

Jeg ønsker dere en gøy jul i år!
Den dere med Jesus får!
Når Han får være vår hedersgjest
da blir det virkelig fest!

PS: Det kan være gøy med
gøye klær —
men det er julens innhold
jeg vil frem til her....

Kristin Sundsbø

Medarbeidarfest.



23 november var alle medarbeiderne i kyrkjelydane, tilsette og frivillige, invitert med ektefelle til fest i Arna bedehus. Vel 100 var med, og det var ein fin kveld. Noko av målet ved kvelden var og at ein skulle bli betre kjent med kvarandre, og difor var det både tid og opplegg som tok omsyn til det.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Bjørg Hilde Glad, Laila Ueland.
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.
Bladpengar: kr. 30.-.
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8448.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.
Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.
Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.
Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

 a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50
**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

**Kranser
Bårebuketter
Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN
**VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S
Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

 **VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**ESPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløyfer.
Monumenter besørjes
opsatt.

**DU KAN LEIE
HENGERE
HOS OSS!**

Vi har hengere for
**Bil-båt og
varetransport**



**ARNATVEIT
AUTO SENTER**

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen
ved J. B. Myklestad.

Velkommen til kyrkje

- Des. 07.** Arna kl. 11.00 Res.kap Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Menighetsseminarene. Søndagsskole
Arna kl. 19.00 Julekonsert. Kollekt til song og musikkarbeidet i kyrkjelyden.
- Des. 14.** Ytre Arna kl. 19.00 Lysmesse. Res.kap. Sundsbø og konfirmantane.
Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Takkoffer til Landslaget for kristen skole. Søndagsskole.
Arna kl. 19.00 Julekonsert. Haukeland songlag. Arna kyrkjekor. Kollekt til song og musikkarbeidet i kyrkjelyden.
offer til Bjørgvin Ytre Arna kl. 11.00 Forstander Audun Tang. Nattverd. takkoffer til Kristen filmteneste.
- Des. 21.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
Arna kl. 19.00 «Vi syng jula inn». Arnavaågen musikklag. Arna kyrkjes barnekor. Kollekt til Sogn og musikkarbeidet i kyrkjelyden.
Ytre Arna kl. 19.00 Julekonsert.
- Des. 24.** Arna helseheim kl. 11.00. Res. kap. Sundsbø.
Arna kl. 14.30. Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 15.30. Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 16.30. Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Takkoffer til Diakoniarbeidet i Arna.
Ytre Arna kl. 15.00 Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Ytre Arna barnekor. Ytre Arna skulemusikk.
Ytre Arna kl. 16.00 Res.kap. Sundsbø. Familiegudstjeneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Ytre Arna barnekor. Haugland skulemusikk.
Trengeid 14.30. Prost Stormark. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Des. 25.** Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø og misjonar G. Bøyum.
Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til NMS.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Takkoffer til NMS. Ytre Arna kyrkjekor.
- Des. 26.** Arna kl. 11.00. Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Takkoffer til Den indre sjømannsmisjon.
Trengeid kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Høgtidsgudsteneste.
- Des. 28.** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Des. 31** Arna kl. 23.15. Midnattsmesse. Res.kap Sundsbø. Takkoffer til ungdomsarbeidet i kyrkjelyden
Ytre Arna kl. 23.15. Sokneprest Øy. Midnattsmesse.
- Jan. 01** Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd
- Jan. 04** Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy.
- Jan. 11** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy og Leif Lorentzen. Nattverd.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø
- Jan. 18.** Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Kyrkjekaffi.
- Jan. 25.** Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste. Sokneprest Øy
Ytre Arna kl. 19.00 Ungdomsgudsteneste.
Trengeid kl. 11.00 Res. kap. Sundsbø.

Søndag er kyrkjedag